

Møte i FAU 23.02.23

Frammøtte: Vidar Skavland, Kristina Roda Reilstad, Agata Klawikowska, Silje Talgø Klakegg, Liv Heidi Falstad Leavy (vara) og Reidun Aabrekk Bråtveit.

1. Godkjenning av referat frå møte 15.12.22

Referat godkjennast og kan publiserast på FAU si side på minskole.

2. Lunsj til lærarane. Når ynskjer skulen denne?

Rektor var ikkje til stades på møtet, og me har ikkje fått aktuell dato. Forslag om å lage ei liste som rullerer frå trinn til trinn. T.d. 1. trinn lagar pastasalat, 2. trinn dekker borda kvelden før osv. Involvere foreldre/ føresette. *I etterkant av møtet vart dato fastsett: Torsdag 30. mars.*

3. Foreldremøte med Uteseksjonen. Evaluering etter møte.

Skuffande lågt oppmøte (30-35 foreldre/føresette). Relevante tema. Innspel: Sakner meir fokus på/ informasjon om tiltak for dei ungdommane som ikkje har nokon å vere med. Uteseksjonen vil kome på skulebesøk og møte 8.-10. trinn snart.

4. Lærarsituasjonen på skulen, manglande oversikt, gløynde klassar, ein kontaktlærer for to klassar. Kva er skulen sin plan for å handtere utfordringane?

FAU ber om skriftleg svar frå rektor. *I etterkant av møtet, har FAU fått svar frå rektor.*

5. Dysleksivenleg Skule. Foreldre/føresette ynskjer fleire møte om dysleksi, slik møtet skulen arrangerte i haust. Kan skulen tenkje seg å vere Dysleksivenleg Skule? Misnøye i innføring av nytt retteprogram for elevane. Fungerer kun for bokmål. Elevane treng betre opplæring i dette programmet.

Det har kome innspel frå foreldre/føresette som ynskjer at Finnøy skule skal bli ein Dysleksivenleg skule. Meir info om dette her:

<https://dysleksinorge.no/dysleksivennlig-skole/dysleksivennlig-skole-kriterier/>

Informasjonsmøte om dysleksi med tips til foreldre/ føresette osv i haust var veldig positivt. *Rektor var ikkje på møtet, men etter møtet, fekk me svar frå rektor:*

«Dette er noko vi har sett på fleire gongar, og vi er på god veg til å bli ein dysleksivenleg skule (sjølv om vi ikke formelt har søkt på dette). Vi har nettopp blitt ferdig med ein «dysleksiplan» for skulen som snart vil bli presentert. Vi hadde foreldremøte i haust, og i neste veke, 8/3, er det Webinar for foreldre om Intowords».

6. Oppfølging av reglar på bussen.

Busselskapet må frakte borna trygt til skulen og heim igjen. Skulen bør informere om uynskte hendingar og varsle om avvik. FAU-representant må informere om reglane på neste foreldremøte. Vidar kontakter Rørheim Bilruter.

7. Merking av parkeringsplassar og sti opp til skulen frå Fleirbrukshallen.

Eirik Christophersen er kontakta. Kven eig grunnen? Kommunen. Vil bli ny merking av parkeringsplassane. Vidar kontakter Eirik.

8. Gratis skulemat?

Det blir gratis skulemat for Finnøy skule. Detaljane rundt dette er enno ikkje på plass.

9. Diverse.

- Dato for neste møte før 30.05 (neste SU/SMU-møte). Neste møte i FAU blir 25. mai kl 19.45
- Hugs å minne klassekontaktane om å arrangere eit sosialt arrangement til våren.
- Namn til vararepresentantar til FAU frå alle klassane. Alle må velje vara og evt ny representant før sommaren.

Ynskje om at alle inviterast i bursdag, også på ungdomsskulen.